

ÅRSMØTEPROTOKOLL 2006

for Nordmøre spel- og dansarlag

Årsmøtestad: Sellanrå, Tingvoll 14.01.2006

Sak 1. Opning og konstituering

Til møteleiar vart valgt Arnstein Brevik. Til skrifvar vart valgt Nils Tore Leivdal. Innkallinga og saklista vart samrøystes godkjent. Bjørn Sletbakk og Helge Husby skriv under protokollen.

Sak 2. Arnstein las årsmeldinga

Helge Husby ba om at fylgjande vart teke inn i årsmeldinga:

1. Valg av utsendingar til årsmøte i MRF
2. Kappleikresultat.

Med desse tillegga vart årsmeldinga godkjent.

Sak 3. Rekneskap for 2005

Kasserar Pål Kristiansen var ikkje til stades. Rekneskapen vart godkjent under den forutsetninga at den også vert godkjent av revisor. Arnstein tek kontakt med revisor. Pål skaffar årsoversikt frå Surnadal sparebank.

Sak 4. Kontingent

Ein gjer ikkje endringar i kontigenten for 2006. Kjem det endringar frå sentralt hald, vert det godteke.

Sak 5. Årsplan og budsjett

Den framlagte årsplanen for første halvåret 2006 vart godkjent. I tillegg kjem det 2 speleoppdrag for laget i samband med private arrangement. Det nye styret får i oppdrag og sette opp budsjett, søkje om midlar etc.

Sak 6. Val. Framlegget frå valkomiteen vart vedteke slik:

- Leiar: Arnstein Brevik, valgt for 1 år. Attval.
- Nestleiar: Peder Hønsvik, valgt for 1 år. Ny.
- Kasserar: Magnar Almberg. Valgt for 2 år.
- Sekretær: Nils Tore Leivdal. Ikkje på val. 1 år.
- Styremedlem: Kirsty McKinnon. Valgt for 2 år. Ny.

Funksjonane er slik styremedlemmene har sagt seg villig til.

Årsmøteutsendingar MRF, Batnfjordsøra 18.2.2006 kl.12: Arnstein Brevik og Kirsty McKinnon. Attval på varamedlemmer. Attval på revisorar.

Valnemnd 2006: Helga Eikrem, leiar, Helge Husby og Bjørn Sletbakk.

Furuli gard 18.1.2006

Ref. ved Nils Tore Leivdal